



**Fiskestarten i elva skjer natt til neste torsdag, 1. juli, påpeikar oppsynsmann Arne Terje Haugland og viser til linken frå elveigarlaget her på nettsida..**

**Han finn det naudsynt å minna om det igjen, for det er mange mistydingar ute og går.**

**Mange trur at fisket vart opna allereie 15.juni som i mange år tidlere.**

**Men årsmøtet i elveigarlaget utsette starten med 2 veker for at fisken skulle spreia seg meir oppover gjennom elva.**

Denne utsetjinga har ikkje nådd fram til einskilde fiskarar og ein grunn til det er at til og med fylkesmannen kunngrjer start 15. juni - på nettet.

Både Rabben, SPAR og Texaco, som sel fiskekort, kan diverre melda at folk har vore innom for å kjøpa i den tru at starten i år har vore til vanleg tid. Det har kome folk heilt frå Larvik som har vore ofre for den mistydinga at fiskestarten er som før.

Arne Terje har ellers inntrykk av at det er bra med fisk i elva og håpar på ein god sesong sjølv om starten er seinare.

Over viser Knut Petter Hagen Thorsen frå Stord fram ein flott fisk på 9,5 kilo som han fanga i fjor.

Av Ola Matti Mathisen.